

### **Vedlegg 3**

**Breim vilt- og fiskelag  
v/Ola Bergheim  
6826 Byrkjelo  
Epost [balo@online.no](mailto:balo@online.no)**

**Byrkjelo 02.04.2007**

**Gloppen kommune  
Landbrukskontoret  
6823 Sandane**

#### **Søknader om tilskott til spesielle miljøtiltak i jordbruket**

Vi syner til tidlegare samtaler og søker med dette om tilskott til 2 tiltak i Svartebotnen:

- a) Ny bru over elva ved osen. Ansvarleg: Sandal krins sankelag. Totalkostnad kr 30.000,-
- b) Separat do attmed fiskelaget si hytte i Svartebotnen, til allmenn bruk. Ansvarleg: Breim vilt- og fiskelag sone 1. Totalkostnad kr 35.000,-

#### **Grunngjeving og nærmere beskriving:**

Svartebotnen er eit naturområde med mange kvalitetar, og staten ville av den grunn opphavleg innlemme området i Jostedalsbreen nasjonalpark. Men pga omfattande bruk til beiting og fisking mm vart grensa for nasjonalparken trekt høgare.

I takt med utbygginga av Utvikfjellet skisenter har området også blitt stadig meir brukt vinterstid.

Breim er med i fylket sitt 3-årige bygdeutviklingsprosjekt med hovudfokus på ”Naturbasert reiseliv for alle”. I den samanheng prøver ein ved nybygg og oppgradering av eksisterande infrastruktur å ha ein standard som i alle fall held minstemål også i reiselivssamanhang og utelege til andre enn grunneigarane i områda.

Bruopplegget ved osen har til no vore mangefullt. Opphavleg berre ein wire å gå på og ein til å halde seg i, seinare erstatta med ei provisorisk stigebtru som er blitt tatt ned utanom sesongane, med berre eit tau på kvar side til rekkrverk. Den brua har blitt tatt av snø og vatn ved fleire høve og må no uansett erstattast av noko betre.

Ein ynskjer då å få til ei skikkeleg bru med stålfundament og stålrekkrverk, og heve og fundamentere den så godt på begge sider at den kan ligge ute heile året. Vedlagt skissetekning. Totalkostnad 30.000 kr.

Då Gloppeneventyret skipa til rideturar til Svartebotnen vart det laga ei provisorisk løysing med ei fjøl med hol i bak nokre steinar - som pr i dag er den eksisterande doløysinga i dette stadig meir bruke området både sommar og vinter!

Ein ynskjer her å bygge eit separat do, og plassere dette attmed hyttene i osen på ein stad der snøen bles av slik at det kan brukast også om vinteren. Oppsamlingskagge og tömming ca 1 gong pr år.

Begge konstruksjonane må byggast solid og fundamentert og bardunerast skikkeleg. Ein reiknar med å frakte inn boremaskin/kompressor og noko sement o.a. til dette.

Trematerialar har ei varsle prisstigning på 30% frå april, men vi har gjort avtale om at vi kan få kjøpte nødvendige trematerialar til gammal pris dersom vi får gjort arbeidet i vår.

Dersom vi får gjort arbeidet i vår, reiknar vi og med å kunne frakte det med trakkemaskina før snøen fer. Elles blir det helikopter som vil fordyre prosjekta med ca 10.000,-

Breim vilt- og fiskelag, sone 1 har bygd og restaurert hytter og separat do på Strandaheia (2003) og Trollebotnen (2006). Johnny Gåsemøy er arbeidsformann hjå Bolset Glas og har vore anleggslieiar for byggeprosjekta til fiskelaget. Han anslår ut frå erfaringane med desse byggeprosjekta at totalkostnadene med bru og do inklusive frakt, medrekna dugnad etter vanleg timesats, vil bli på 30.000 for bruha og 35.000 for doen.

Breim vilt- og fiskelag, vassdragssona gjorde i 2006 vedtak om å låne pengar til fjellsona for å få utført bygginga i Trollebotnen, og det har vi også gjort vedtak om i år når det gjeld dei to prosjekta i Svartebotnen.

*Vi syner til den positive kommunale velviljen i fjor og tildeling av 35.000 kr i SMIL-midlar til restaurering av hytta i Trollebotnen og bygging av separat do der.*

*Vi søker med dette om tilsvarende delfinansiering med SMIL-midlar når det gjeld desse to prosjekta i Svartebotnen.*

Sandal krins sankelag v/Reidar Sandal tek ansvaret for gjennomføringa av bruprosjektet og fiskelaget sone 1 v/Jostein Bergheim ansvaret for do-prosjektet, som det går fram av søknadsskjema.

Vi meiner desse prosjekta er viktige både for grunneigarane, ålmenta og reiselivet, og vonar difor på raskt og positivt svar på denne søknaden.

Med helsing  
For søkerane

Ola Bergheim  
(leiar vassdragssona i fiskelaget/skrivar i Breim Bygdeutviklingslag)